



DEN NORSKE KIRKE
Hol sokn
Hol og Hovet Sokneråd

Årsmelding Hol og Hovet Sokneråd 2020

2020 vart eit spesielt år for oss i Hol og Hovet Sokneråd også. Korona som slo innover landet i mars har hindra mykje av den aktiviteten vi hadde lagt opp til. I perioder var landet lukka heilt ned, seinare har det vore delvis opna, men med til tider svært strenge reglar for kor mange som kan delta på dei ulike aktivitetane.

Styret har vore:

Kjell Haugo leiar
Gro Augunset nestleiar
Rita Kleiv skrivar
Brit Kaupang
Soknepresten

Styret har hatt 6 møter og behandla 40 saker

Prestesituasjonen

Stein Arne Larsson tok til som sokneprest for Hol og Hovet sokn, Dagali og Skurdalen sokn, men pga av korona fekk vi ikkje til innsetjingsgudsteneste for han før 13.desember 2020. Sjølve gudstenesta var i Skurdalen kyrkje med Prost Sveinung Hansen.

Kyrkjetenar

Ole Torpe vart tilsett som ny kyrkjetenar etter at Tom Gunnar Strand sa opp stillinga si. Tom Gunnar vart leigd inn i sumar for å slå gras. Vi har fått veldig mange gode tilbakemeldingar på arbeidet som vart gjort på kyrkjegardane.

Oppslutnaden om kyrkja

Under er det ein oversikt over aktiviteten i vårt sokn i 2020 samanlikna med dei fem siste åra.

Tekst	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Ut/Innmelding	4	11	1	0/2	7	4
Dåp	20	8	5	8	4	6
Dåp Innenbygds	8	7	5	5	4	4
Vielser	6	4	3	1	1	2
Gravferder	21	16	14	16	11	19
Kremasjonar	2	5	5	2	1	11
Gudstjenester totalt	43	36	29	29	28	17
Deltakere	2 689	1 449	2 322	2 260	1 699	528
Nattverdeltakere	326	275	260	171	123	23
Barnehage/Skole	2	2	2	4	5	2
Barne-ungd.Arr	3	5	3	1	4	1
Eldretreff	1	1	1	1	-	-
Konserter/Musikken	18	10	7	6	5	-
Deltakere	1 309	1 114	750	594	515	
Frivillige	27	56	47	35	30	10
Ofring	59 586	38 840	38 009	32 510	46 108	15 806
Andre innsamlingar	46 503	33 168	33 278	30 274	72 180	-
Til egen virksomhet	32 851	38 984	39 372	40 660	82 355	5 615

Avlysing av arrangement

Vi måtte avlyse mykje av vår aktivitet sidan vi fekk korona inn i landet. Det gjelde konfirmantavslutning, sumarfest for eldre, markering av 50 -års konfirmantar, sumarkonsertar, gudsteneste i samband med haustmarknaden, julebasar, samlingsstund i Hol gamle kyrkje i samband med tenning av julegrana, Luciakonsert, i tillegg til mange gudstenester. Det vart eit krav om å føre lister på kven som deltok. I tillegg vart det bestemt at det maks kunne delta 50 personar i ei gravferd, seinare vart det 10 personar på gudstenester. Julegudsteneste held vi to av med maks 50 personar på kvar. Konfirmasjon vart utsett til hausten.

Alle desse tiltaka har ført til at færre har delteke i kyrkjelege handlingar enn kva som ville ha vore tilfelle utan korona.

Dugnad kyrkjegardane

Måndag 4. mai hadde vi dugnad på kyrkjegarden på Hagafoss. Her var mange innom på dagtid og på ettermiddagen var vi 35 personar. Torsdag 7.mai hadde vi ny dugnad ved Hol gamle Kyrkje, her møtte det 11 personar. Måndag 11. mai var det dugnad i Hovet Kyrkje. Her møtte det også folk på dagtid, og om kvelden var vi 10 – 15 personar. Mange stiller opp år etter år, og det er vi veldig glad for. Det blir lagt ned mange arbeidstimar ein slik kveld, og det er til stor hjelp for dei tilsette. Det er vel og eit uttrykk for at mange set pris på kyrkja si.

Hol kyrkje

Vi treng å koma i gang med renovering av Hol kyrkje, og derfor fekk Fellesrådet utarbeida ein tilstandsrapport. Året som er lagt bak oss er brukt til å planlegge arbeidet vi skal gjere frå våren av og framover. Kyrkjevevje Anders Ilsøy arbeidar godt med dette, og det er eit håp om at vi skal koma i land med alt innan 100-års jubileet i 2024.

Det skal etablerast minnelund ved Hol kyrkje, også dette arbeidet tek til i 2021.



Hol Kyrkje

Hol gamle kyrkje

Venneforeininga har hatt eit arbeid i gang med å få satt opp informasjonsskilt ved sidan av bautasteinen. Skilta er produsert, kjøpt inn og står på lager her i bygda fram til våren kjem. Då skal dei setjast opp.

Når det gjeld lyssetjing av gamlekyrkja, har venneforeininga også her stilt penger til disposisjon, så no er det opp til kyrkjevevja å ta i mot denne gáva.

Økonomien

I og med at det vart ei spesielt år for oss, har vi heller ikkje brukt mykje penger, og vi har ikkje skaffa mykje inntekter. Totalt går vi med eit overskot på 10 595 kroner.

Heilt til slutt vil styret få takke alle friviljuge som har stilt opp, - som kyrkjevert, medliturg, eller ved å ha gjeve ei hjelpande hand på annan måte.

Vi vil og rette ein stor takk til alle tilsette innan kyrkja i Hol.

Hol 07.02.2021

Kjell Haugo
Styreleiar

Gro Augunet
Nestleiar

Rita Kleiv
Skrivar

Brit Kaupang
Styremedlem

Stein Arne Larsson
Sokneprest

ÅRSMELDING TROSOPPLÆRING 2020

Trosopplæring for barn og unge, 0 - 18 år

Trosopplæringstiltakene er sokn-overgripende.

Trosopplæringsutvalget er felles for alle tre sokna i kommunen og har i oppgave sammen med trosopplærere å gjennomføre vedtatt plan for trosopplæring.

Utvalget har ikke vært aktivt de siste årene. Det er viktig at de som velges inn her må være interessert i arbeidet med barn og unge.

2020 ble et spesielt år. Corona-pandemien slo til i mars og all aktivitet ble avlyst eller utsatt.

Hva ble avlyst hos oss:

- Konfirmantfestival på Gol
- Konfirmantsamlinger
- Dør til dør-aksjon for Kirkens Nødhjelp
- Påskevandring for barnehagene
- Babysang. Startet opp igjen i september, men måtte avlyses igjen i november
- Krølletreff for 2-åringer
- Tårnagent og Lysvåken
- Julegudstjeneste for Geilo Barne- og ungdomsskole, skolene ble stengt pga økt smitte

Hva er gjennomført:

- Dåpsamtaler
- Det ble laget en digital Babysang, som ligger på hol.kirken.no og på Facebook
- «HEKTA» konfirmantleir på Lillehammer 7.-9. februar.
- Karnevalsgudstjeneste for 5-åringer i Hovet kyrkje. Dårlig deltagelse gjør at denne aktiviteten må revurderes for senere år.
- Digital innsamling for Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon i stedet for bøsseaksjon
- Avslutningsgudstjeneste for konfirmanter 2020
- Konfirmasjoner i sept-okt. Utsatt fra mai-juni
- Konfirmant 2021, startet opp med gudstjeneste i Dokken 30.8.
2.9. Kick-off i Geilo kulturkyrkje
4 samlinger ble gjennomført før all aktivitet for barn og unge igjen måtte avlyses.
Vi bruker nå et digitalt undervisningsopplegg utarbeidet av Sjømannskirken, Nettkonfirmant.no. Når det igjen lettes på restriksjonene håper vi å kunne ha noen samlinger frem til konfirmasjonsdagen.
- Førsteklasses i oktober. 12 førsteklassinger og 11 foreldre var samlet til middag og aktiviteter i Geilo kulturkyrkje
- Utdeling av 4-års bok i Hol kyrkje og Geilo kulturkyrkje. Bedre oppmøte i 2019, kan ha noe med pandemien vi var inne i.
- Lysmesse for konfirmanter i Hol kyrkje. Pga max antall på personer ble dette en gudstjeneste primært for konfirmantene.
- Julevandring for barnehagene i Hol, Hovet og på Geilo. Svært populært blant barn og voksne. Smittevernet ble ivaretatt ved å dele på flere dager.

Tilskudd:

- Konfirmantene er innmeldt i KFUK-KFUM. De har et valgt styre og får derfor tilgang til Frifond-midler. For 2020 ble beløpet på kr. 30312,66

Resultatoversikt

Dato: 07.01.2021

Regnskap: Hol og Hovet Sokneråd 2020
Beskrivelse:

Inntekter	80 926,33
- Skatt	0,00
- Utgifter	70 331,27
- Betalt gjeld	0,00
- Renteutgifter	0,00
= Resultat	10 595,06
Penger	1 471 275,13
+ Eiendeler	0,00
+ Sparemidler	0,00
- Gjeld	40 000,00
- Kredittkortgjeld	0,00
= Nettoformue	1 431 275,13
Formue ved start av regnskap	1 420 680,07
Formue ved slutt av regnskap	1 431 275,13
= Formuefremgang	10 595,06

Saldorapport

Regnskap: Hol og Hovet Sokneråd 2020

Beskrivelse:

Periode: 01.01.2020 til 31.12.2020 for hele husholdningen

Konto	Kontonavn	Type	Inng. saldo	Debet	Kredit	Bevegelse	Utg. saldo
1101	23332236679	Penger	274 110,20	110 719,23	71 522,77	39 196,46	313 306,66
1102	Kontanter	Penger	50,00	0,00	0,00	0,00	50,00
1103	Barne og ungdomsarbeid i HH	Penger	31 082,06	12,40	0,00	12,40	31 094,46
1104	Hol Kyrkje	Penger	1 040 600,01	10 654,00	0,00	10 654,00	1 051 254,01
1106	Erik H Skaro Gave	Penger	32 055,03	351,95	0,00	351,95	32 406,98
1107	H.Øvrevold's Legat	Penger	17 305,83	190,01	0,00	190,01	17 495,84
1109	Elling Brattaker's Legat	Penger	7 527,11	82,64	0,00	82,64	7 609,75
1111	Hovet Kyrkje	Penger	39,61	0,02	0,00	0,02	39,63
1112	A og M Haugens Minne	Penger	2 166,14	0,86	0,00	0,86	2 167,00
1113	Minnegåve Knut V Seim	Penger	15 744,08	106,72	0,00	106,72	15 850,80
2202	Anne gjeld	Gjeld	0,00	0,00	40 000,00	-40 000,00	-40 000,00
3001	Offer	Inntekt	0,00	1 191,50	15 806,37	14 614,87	14 614,87
3004	Andre inntekter	Inntekt	0,00	0,00	53 000,00	53 000,00	53 000,00
3601	Renteinntekter	Inntekt	0,00	0,00	13 311,46	13 311,46	13 311,46
4101	Varekjøp Kiwi Hagafoss	Utgift	0,00	3 160,20	0,00	3 160,20	3 160,20
4102	Offer	Utgift	0,00	9 513,25	0,00	9 513,25	9 513,25
4106	Andre utgifter	Utgift	0,00	56 966,82	0,00	56 966,82	56 966,82
4113	Påskelotteri	Utgift	0,00	691,00	0,00	691,00	691,00
Sum penger:			1 471 275,13	Sum eiendel:	0,00	Sum sparemidler:	0,00
Sum inntekt:			80 926,33	Sum skatt:	0,00	Sum utgift:	70 331,27
Sum gjeld:			-40 000,00	Sum renteutgifter:	0,00	Sum kredittkort:	0,00



DEN NORSKE KIRKE
Hol sokn
Hol og Hovet menighetsråd

HOL KIRKEKONTOR
Geilo kulturkyrkje
Skurdalsvegen 22, 3580 Geilo
Tlf. 32 09 69 30
Faks 32 09 69 31
Org.nr: 976 990 048

Anders og Eva

Rekneskap Hol og Hovet Sokneråd 2020

Vedlagt ligg vårt rekneskap for 2020 som eg ber om at dykk som våre revisorar ser gjennom og sjekkar at alt er i orden. Vil gjerne ha melding når dikka har gjort jobben slik at eg kan koma innom og hente det.

Dei billaga som manglar i desember, ligg sikkert i hylla vår, fint om dikka set dei inn i permen.

Er noko uklårt så ring meg.

Hol 07.01.2020

Venleg helsing

Kjell Haugo
Leiar
Hol og Hovet Sokneråd

Revident 3/2-21

Anders K. K.
Eva Grøslandsbråten

Hol og Hovet Sokneråd

Budsjett 2021

Inntekter

Tekst	Beløp
Offer	10 000
Tilskott klokkar	13 000
Sommerkonsertar	110 000
Julebasar	32 000
Sommerfest	500
Påskelotteri Kiwi Hagafoss	5 000
Påskelotteri Sunnhov handelslag	5 000

Sum inntekter	175 500
----------------------	----------------

Utgifter

Tekst	Beløp
Støtte til diakonistilling	50 000
Støtte til kyrkjemusikk	15 000
Sommerkonsertar	60 000
Julebasar	20 000
Sommerfest	3 500
Påskelotteri	2 500
Påskeverkstad	3 000
Konfirmantavslutning	4 000
50.års konfirmantar	3 500
Andre utgifter	13 000

Sum utgifter	174 500
---------------------	----------------

Driftsresultat	1 000
-----------------------	--------------



DEN NORSKE KIRKE
Hol sokn
Hol og Hovet Sokneråd

HOL KIRKEKONTOR
Geilo kulturkyrkje
Skurdalsvegen 22, 3580 Geilo
Tlf. 32 09 69 30
Faks 32 09 69 31
Org.nr: 976 990 048

Arbeidsplan Hol og Hovet Sokneråd 2021

Sundag	7.mars	Årsmøte (Hovet kyrkje)
Onsdag	17.mars	Styremøte
Torsdag	25.mars	Påskeverkstad (Bygdahall)
Onsdag	31.mars	Påskelotteri Kiwi Hagafoss
Onsdag	31.mars	Påskelotteri Sunnhov Handelslag
Onsdag	28.april	Styremøte
Onsdag	5.mai	Avslutning for konfirmantane (Fjellheim)
Måndag	10.mai	Dugnad Hol kyrkjegard
Måndag	10.mai	Dugnad Hovet Kyrkjegard
Sundag	6.juni	Sommerfest for eldre
Onsdag	16.juni	Styremøte
Tysdag	6.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Tysdag	13.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Tysdag	20.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Tysdag	27.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Onsdag	08.september	Styremøte
Sundag	17.oktober	Markering av 50.års konfirmantar (Bygdahall)
Onsdag	10.november	Styremøte
Fredag	26.november	Julebasar/Konsert (Fjellheim)
Måndag	13.desember	Luciakonsert (Hovet Kyrkje)
Tysdag	07.desember	Open kyrkje (Hovet)
Tysdag	14.desember	Open kyrkje (Hol)